

## Saksprotokoll i 30.01.2020 - fylkesutvalet

Fylkesordførar gav slikt svar:

«Det er etablert eit samarbeidsråd med representantar frå fylkeskommunen, Politiet, Trygg trafikk, helsepersonell og hovudrussestyret. Formålet med samarbeidet er å sikre at russefeiringa vert gjennomført på ein så trygt som mogeleg.

Trygg trafikk har hatt samlingar for russen i Grieghallen kvart år. I fjor vart det også arrangert felles foreldremøte for russeforeldre i Hordaland. Politiet, helsepersonell og Trygg trafikk var tilstades på møtet og gav foreldra nyttig informasjon for å sikre ein trygg russefeiring. I år er det planlagd tilsvarande foreldremøte i Bergen og Førde.

Silja Bjørkly (H) spør om fylkesordføraren vil ta initiativ til å finne ein fast møtestad som russe kan nytte i Bergensområdet. Det har vore diskutert i samarbeidsrådet om det er mogeleg å finne ein fast eigna feststad for russe i Bergensområdet. Fylkeskommunen disponerer ikkje eigna areal og det er vanskeleg å finne nokon som vil gje russe eit tilhaldsstad. Når russebussar vert parkert for fest, er det opp til politiet å vurdere tryggleik, støy m.m.

Fylkeskommunen har i samarbeid med Bergen kommune og russestyret klart å finne lokale til felles russedåp dei siste åra.»